

Alver kommune  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

**Avdeling for  
Kultur og folkehelse (KFO)**

|                         |                        |
|-------------------------|------------------------|
| <b>Dato</b>             | 24.03.2023             |
| <b>Vår referanse</b>    | 2022/91604-4           |
| <b>Dykkar referanse</b> | 22/7564 - 23/20785     |
| <b>Sakshandsamar</b>    | Sigrun Wølstad         |
| <b>E-post</b>           | Sigrun.Wolstad@vlfk.no |
| <b>Telefon</b>          | 96944535               |

**Kulturminnefagleg fråsegn - endra trase - landbruksveg - gnr. 150 bnr. 1 og 2 -  
Storoksa - Alver kommune**

Vi viser til brev datert 14.03.2023 med ovanfor nemnde sak til fråsegn. Seksjon for kulturarv i Vestland fylkeskommune har vurdert saka som regionalt kulturmiljøstypesmakt.

Vi har i dag ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne som kjem i konflikt med det omsøkte tiltaket. Det er kjent ei gravrøys frå bronsealder på nabogarden gnr. 153, bnr. 1. men potensialet for funn av automatisk freda kulturminne i viste trasè vart likevel vurdert å vera lågt. Vi har difor ingen avgjerande merknader i saka, utover at ein under opparbeiding av feltet sokjer å unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m.

Elles gjer vi merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gravminne, gjenstandsfunn, flekker med trekol eller konstruksjonar blir avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Vestland fylkeskommune, og alt arbeid stansast til rette forvaltningstypesmakt har vurdert funnet. Slik granskning vil verta utført mindre enn tre dagar etter at vi har fått melding om mogelege funn.

Med helsing

**Karoline Hareide Breivik**  
leiar  
KFO - Arealplan (Førde)

**Sigrun Wølstad**  
seniorrådgjevar  
KFO - Arealplan (Førde)

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor ingen handskriven underskrift*